



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Rådhuset
Dato: 01.06.2026
Tid: Kl. 09:05 - 12:17

Følgande medlemmer møtte	Parti
Lilleland, Wenche S	AP
Kvamme, Gerd	FRP
Kristin Bøygard Holthe	H
Dyngeland, Leon	KRF
Austrheim, Arild Roar	SP
Berentsen, Anne Cecilie	SP
Sandsgård, Tormod	VILI

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 22.05.2026.

Møtet vart leia av Anne Cecilie Berentsen.

Frå administrasjonen:

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse

Ingebjørg Rullestad Gjerde, kommunalsjef organisasjon

Anita Jørstad Grindheim, barnehage- og skulesjef

Sonja H. Lærdal, leiar PPT

Åse M. Berge, rådgivar oppvekst

Presse: Haugesunds Avis

Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat.

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste: Ingen merknad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
017/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
018/26	Referatsaker
019/26	Orienteringssaker
020/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vindafjord kommune
021/26	Val av tomt for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter
022/26	Pedagogisk digitaliseringsstrategi oppvekst 2026-2030
023/26	Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune
024/26	Svar på søknad om fast serverings- og skjenkeløyve 2026 - 2028
025/26	Spørsmål til administrasjonen

017/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Møteleiar fremma forslag om Wenche S. Lilleland (Ap) og Gerd Kvamme (Frp) til å godkjenne og signere møteprotokoll.

Dette blei einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 017/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokollen vart desse valde:

1. Anne Cecilie Berentsen (Sp), møteleiar
2. Wenche S. Lilleland (Ap)
3. Gerd Kvamme (Frp)

018/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 018/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

019/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

- Orientering frå Owe Myklebust, prosjektleiaren for fosterheimssatsinga. Han er leiar av arbeidet med Omsorgspakken og landsbymodellen.
- Orientering frå PPT leiar Sonja H. Lærdal om den nye rettleiar skulefråvær 2026-2029.
- Orientering frå kommunalsjef oppvekst Nils Erik Eide
- Orientering frå kommunalsjef helse og omsorg Sigurd Gjerdevik
- Orientering frå kommunalsjef organisasjon Ingebjørg G. Rullestad vedrørande oppfølging av forvaltningsrevisjonen.

OPOM - 019/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

020/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for Vindafjord kommune for 2025 slik dei ligg føre

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

OPOM tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 einstemmig til orientering med 7 stemmer.

OPOM - 020/26 Vedtak:

OPOM tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 til orientering.

021/26 Val av tomt for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka. Lokalisering i Ølen gir klart best resultat på faglege, sosiale, økonomiske og rekrutteringsmessige kriterium. Sjølv om nybyggalternativet har høgast investeringskostnad, gir det truleg lågast kostnader over tid, samt best grunnlag for berekraftig og framtidsretta drift.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Nytt forslag, foreslått av Austrheim, Arild Roar, Senterpartiet

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

Senterpartiet sitt forslag til nytt vedtak lagt fram av Arild Austrheim (SP):

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak sett opp mot nytt forslag frå senterpartiet ved A. Austrheim (SP)

Kommunedirektøren sitt forslag: 0 stemmer

Nytt forslag frå senterpartiet ved A. Austrheim (SP): einstemmig vedteke med 7 stemmer. Forslaget gjekk vidare.

OPOM - 021/26 Vedtak:

OPOM si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

022/26 Pedagogisk digitaliseringsstrategi oppvekst 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 022/26 Vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

023/26 Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre.
Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtateke med 7 stemmer.

OPOM - 023/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre.
Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

024/26 Svar på søknad om fast serverings- og skjenkeløyve 2026 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune innvilgar serveringsløyve og fast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 – Frå 2,5 til og med 60 % alkohol til Floren aktivitet ved Per Inge Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa.

Løyve må forvaltast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lovverk og lokale retningslinjer.

Løyvesøkjar/org.nr : Floren Aktivitet ved Sørensen, org.nr. 931308661

Skjenkestad / adresse: Floren aktivitet ved Per Inge Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa

Eigarar av verksemda: Per Inge Sørensen

Godkjent styrar: Per Inge Sørensen f.241158

Godkjent avløyсар for styrar: Lillian Bjørke Sørensen f.170659

Alkoholvare: Gruppe 1, 2 og 3 – Frå 2,5 til og med 60% alkohol

Type løyve: Alminneleg løyve

Skjenketid inne: Det vises til punkt 1.5 i alkoholpolitiske retningslinjer

Skjenketid ute: Den skjenketida som gjeld for skjenking inne, gjeld også ute

Gebyr: Det vises til punkt punkt 3.2 i alkoholpolitiske retningslinjer

Ansvarleg vertskap, kurs: Det vises til punkt 3.5 i alkoholpolitiske retningslinjer

Løyvet er gyldig til: 30.09.28

Type verksemd: Kafeteria/pub også med ute servering

Lokale/stad: Floren Aktivitet ved Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 024/26 Vedtak:

Vindafjord kommune innvilgar serveringsløyve og fast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 – Frå 2,5 til og med 60 % alkohol til Floren aktivitet ved Per Inge Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa.

Løyve må forvaltast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lovverk og lokale retningslinjer.

Løyvesøklar/org.nr : Floren Aktivitet ved Sørensen, org.nr. 931308661

Skjenkestad / adresse: Floren aktivitet ved Per Inge Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa

Eigarar av verksemda: Per Inge Sørensen

Godkjent styrar: Per Inge Sørensen f.241158

Godkjent avløyсар for styrar: Lillian Bjørke Sørensen f.170659

Alkoholvare: Gruppe 1, 2 og 3 – Frå 2,5 til og med 60% alkohol

Type løyve: Alminneleg løyve

Skjenketid inne: Det vises til punkt 1.5 i alkoholpolitiske retningslinjer

Skjenketid ute: Den skjenketida som gjeld for skjenking inne, gjeld også ute

Gebyr: Det vises til punkt punkt 3.2 i alkoholpolitiske retningslinjer

Ansvarleg vertskap, kurs: Det vises til punkt 3.5 i alkoholpolitiske retningslinjer

Løyvet er gyldig til: 30.09.28

Type verksemd: Kafeteria/pub også med ute servering

Lokale/stad: Floren Aktivitet ved Sørensen, Bjoavegen 1471, 5584 Bjoa

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

025/26 Spørsmål til administrasjonen

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Spørsmål fra Arild Austrheim (SP):

Tilstandsrapport barnehage og skule 2025

Frå saksutgreiinga til den politiske handsaminga av rapporten (avslutta i kommunestyret 14.4.26) framgår det m.a. under overskrifta "Bakgrunn for saka":

"Vindafjord kommune oppvekst og de folkevalte ønsker likevel ein tilstandsrapport. Her finn de opplysningar om barnehagane, grunnskulen og SFO. Målet med rapporten er å danne eit felles grunnlag for å utvikla kvaliteten i barnehage og skule".

Spørsmål:

- Eg kan ikkje finne rapporten ved søk på nettsida til kommunen. Er det nokon grunn til at den ikkje er publisert der ?
- Korleis vert rapporten gjort kjent og implementert hos dei tilsette i barnehagar og skular ?
- Tenkjer kommunedirektøren det er fornuftig at alle tilsette i våre skular og barnehagar les gjennom og reflekterer kring innhaldet i rapporten. Er det ein felles strategi / plan for korleis dette evt. blir gjort ?
- Det er rimeleg å tru at det er noko forskjell i resultata som kjem fram i rapporten frå eining til eining, og korleis utfordringsbiletet mellom einingane er. Har dei tilsette innan oppvekst (inkludert leiarar) møtepunkter / rutinar for erfaringsutveksling og evt. lærepunkter ("best praksis") internt på einingane eller felles for fleire/alle av einingane ?

Svar til Arild Austrheim ang tilstandsrapport

Tilstandsrapporten er publisert under styringsdokument for barnehage og skule på kommunen si heimeside. Rapporten vil også bli lagt fram og gjennomgått i sommarmøtet for oppvekst i juni.

Oppfølginga av rapporten vil skje både på overordna nivå og i dei einskilde einingane. Samstundes er det lagt opp til at kvar leiar gjer ei fagleg vurdering av korleis ein best kan arbeide vidare med funna, med utgangspunkt i lokale behov og prioriterte utviklingsområde.

Det er vidare grunn til å peike på at fleire av resultata i rapporten allereie er følgt opp gjennom det løypande kvalitetsarbeidet. Dette gjeld mellom anna analyse av nasjonale prøvar og resultat frå foreldreundersøkinga. Desse prosessane skjer tett opp mot gjennomføringa, og mykje av kunnskapsgrunnlaget i rapporten er difor godt kjent for dei tilsette.

Når det gjeld læring og erfaringsdeling, er dette eit kontinuerleg arbeid på leiarnivå. I leiarmøta vert det delt erfaringar, løfta fram gode døme frå praksis og arbeidd systematisk med å utvikle felles strategiar for vidare kvalitetsutvikling.

Det er samstundes viktig å vere merksam på at utviklingsarbeid tek tid. Forbetring i oppvekstsektoren krev ein systematisk og langsiktig innsats, og resultat vil normalt kome gradvis over tid.

Spørsmål fra Anne Cecilie Berentsen (SP):

Er det mulig å ta opp i orienteringa på førstkommende OPOM - hvordan kommunen kalibrerer og kvalitetssikrer at alle skoler har et oppegående SU, FAU og elevråd? Samt informasjon om rekruttering av elever til Ungdomsrådet og Barnas kommunestyre.

Finnes det en samlet oversikt over årlig aktivitet/virksomhet/saker?

Hvis det ikke eksisterer, kan administrasjonen komme med innspill på hvordan kommunen framover kan sikre og synliggjøre dette?

Svar til Anne Cecilie FAU/SU/UR/BK

Kommunen legg til grunn at alle skular skal ha velfungerande samarbeidsorgan som sikrar medverknad og god dialog mellom heim og skule. Ved kvar skule er det etablert Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutvalet (SU), som har sentrale roller i det lokale utviklingsarbeidet.

FAU vert valt blant klassekontaktane og representerer foreldra sine interesser. Nokre FAU-medlemmer deltek òg i SU, noko som styrkjer samhandlinga mellom føresette, tilsette og leiing. Rektor eller einingsleiar kallar inn til første FAU-møte kvar periode.

Samarbeidsutvalet er eit sentralt organ for medverknad i drift og utvikling av skulen. Leiaren kallar inn til møta, medan rektor eller einingsleiar fungerer som sekretær og sikrar kontinuitet.

Elevmedverknad står òg sentralt. Elevrådet ved kvar skule består vanlegvis av to elevar frå kvart trinn frå og med 3. trinn. Ved kombinerte skular er det ofte eigne elevråd for barne- og ungdomstrinn.

På kommunenivå er Ungdomsrådet ein viktig medverknadsarena, der medlemmar vert rekrutterte gjennom skulebesøk og må søkja om deltaking. Kommunen har også laga marknadsføringsvideoar og artiklar om å rekruttere engasjerte ungdommar til dette rådet.

Barnas kommunestyre er ein sentral møteplass for dei yngste, vanlegvis samansett av leiar og nestleiar i elevråda. Det har to årlege møte og gir barn høve til å fremja sine synspunkt.

For meir informasjon, sjå [Råd og utval - Vindafjord kommune](#), inkludert forskrift om skulereglar og organisering av skuledemokratiet.

OPOM - 025/26 Vedtak:

